



HORDALAND
FYLKESKOMMUNE

Vedlegg 1 - Prosjektark for 2018

Vedlegg til Investeringsprogram for fylkesvegnettet
til Regional transportplan Hordaland 2018-2029

INNHALD

1 - PROGRAMOMRÅDE: PLANPROGRAM.....	3
2 - PROSJEKT: ASKØYPAKKEN, ASKØY.....	4
3 - PROSJEKT: BØMLOPAKKEN, BØMLO.....	5
4 - PROSJEKT: KVAMMAPAKKEN, KVAM	6
5 - PROSJEKT: NORDHORDLANDSPAKKEN, LINDÅS, MELAND, RADØY, FEDJE, AUSTRHEIM, MASFJORDEN OG MODALEN.....	7
6 - PROSJEKT: STORD VESTSIDE, STORD OG FITJAR	8
7 - PROSJEKT: KOLLEKTIVTERMINAL VOSS.....	9
8 - PROSJEKT: FV. 218 HORSØYVEGEN, ASKØY	10
9 - PROSJEKT: FV. 161 ÅSEN – HELLESKARET, OS	11
10 - PROSJEKT: TILSKOT TIL KVINNHERAD, FV. 48 LUNDSSVINGANE OG ROSENDAL KAI/KOLLEKTIVKNUTEPUNKT	12
11 - RASSIKRING.....	13
12 - TUNNELUTBETRING	14
13 - BRUER OG KAIER	15
14 - FORSTERKNING.....	16
15 - MINDRE UTBETRINGER (SPLEISELAG)	17
16 - PROGRAMOMRÅDE: KOLLEKTIVTILTAK OG INNFARTSPARKERING	18
17 - PROGRAMOMRÅDE TRAFIKKSIKRINGSTILTAK	19
18 - PROGRAMOMRÅDE: GANG- OG SYKKELTILTAK	20
19 - PROGRAMOMRÅDE: MILJØ- OG SERVICETILTAK.....	21

1 - PROGRAMOMRÅDE: PLANPROGRAM


Tiltakshavar: Statens vegvesen

Føremål:

Planprogrammet skal gjøre greie for kva prosjekt som skal planleggast med tanke på realisering.

Beskriving:

Det vert sett av 15 mill. kr årleg til planprogram. Prosjekta er valde ut med bakgrunn i dei rammene som ligg i overordna styringsdokument, og prinsippa for porteføljestyring.



Stad/Strekning	Kommune
1 Fv 6 Grimstveit – Sveio sentrum	Sveio
2 Fv 48 Skånevik – Nesvåg – Flesjø	Etne
3 Fv 48/544/551 Kvinnheradpakken	Kvinnherad
4 Fv 57 Skodvin skule – Vågseid	Lindås
5 Fv 57 Lindås – Austrheim grense	Lindås
6 Fv 565 Alversund bru	Lindås
7 Fv 561 Kolltveit – Ågotnes	Fjell
8 Fv 562 Strusshamsvatnet – Ølsviktunnelen	Askøy/Bergen
9 Fv 544 Vabakken – Leirvik – Ådland bru	Stord
10 Fv 544/68 Øvre Sæ – Tysevegen	Stord
11 Fv 67 Lønning – Sagvåg, Litlabøvegen	Stord
12 Fv 545 Kommunegrensa Stord - Fitjar	Stord

Stad/Strekning	Kommune
13 Sykkelpavtalen	Stord
14 Fv 546 Storebø – Eidsbøen	Austevoll
15 Fv 565 Grense Radøy/Lindås – Sæbø skule	Radøy
16 Fv 564 Flatøy terminal og innfartsparkering	Meland
17 Fv 564 Fløksand – Vikebø	Meland
18 Fv 245 Fosse – Moldekleiv	Meland
19 Fv 564 Frekhaugskrysset	Meland
20 Fv 23 Tverråna – Alvsvågkrysset	Meland
21 Fv 542 Svortland sentrum	Bømlo
22 Fv 7 Tokagjelet	Kvam
23 Ny vegvisning indre Hordaland	Diverse

2 - PROSJEKT: ASKØYPAKKEN, ASKØY


Tiltakshavar: Statens vegvesen

Føremål:

Gje betre framkomst og eit meir trafiksikkert vegnett på Askøy

Beskriving:

Bompengepakke med bompengar og fylkeskommunale midlar.



Nr	Prosjekt	Type tiltak	Status 2017
1	Fv 563 Florvåg-Erdal (Bakarvågen)	Vegutviding, fortau	Ferdig
2	Fv 563 Strømsnes-Hop	Vegutviding, fortau	Klart til utlysning
3	Fv 212 Lindhaugen-Slettebrekka	Vegutviding, fortau	Bygging pågår
4	Fv 212 Slettebrekka-Hetelevik	Ny veg, gang- og sykkelveg, tunnel	Reguleringsplanlegging pågår
5	Fv 562 Lavik-Haugland	Vegutviding, fortau	Reguleringsplan føreligg
6	Fv 213 Skiftesvik-Mari-koven	Vegutviding, fortau	Reguleringsplan føreligg
7	Fv 562 Strusshamnkrisset	Rundkøyring	Ferdig
8	Fv 216 Skansen (Kleppe)	Vegutviding, fortau	Ferdig
9	Fv 562 Fromreide-Kjerrgarden	Vegutviding, fortau	Reguleringsplanlegging pågår
10	Fv 562 Fauskanger sør	Vegutviding, fortau	Reguleringsplan føreligg
11	Kollektivtiltak	Kollektivtiltak	Mindre tiltak under bygging
12	Andre tiltak	Ikkje definert	Ikkje starta

Kostnad:

Samla kostnad er sett til 1300 mill. kr (2012-kr). Omfanget av utbygginga skal haldast innanfor den økonomiske ramma som er sett. Vert nokon av prosjekta dyrare enn føreset, må ein redusera utbygginga.

Finansiering:

Prosjektet er finansiert av fylkeskommunen og bompengar.

Det vart lagt fram ein Prop. 197 S (2012-2013). Delvis bompengefinansiering av Askøypakken i Hordaland. Denne skissar opplegget for finansiering og styring av prosjekta i pakken. Bompengeoppdraget omfattar fire bomstasjonar; fv. 562 Øvre Kleppe, fv. 562 nord for Stongafjellstunnelen, fv. 563 mellom Kleppesø mot Askøybrua og fv. 563 Florvågvegen.

Prosjektstatus / planlagt framdrift:

Det låg føre to godkjende reguleringsplanar; fv. 563 Florvåg-Erdal, fv. 216 Skansen (Kleppe). I tillegg var allereie fv. 562 Strusshamnkrisset realisert. Det er no godkjende reguleringsplanar på dei fleste prosjekta i pakken. Det neste prosjektet som kan lysast ut er fv. 563 Strømsnes-Hop.

Prosjektark - bompengepakkar

3 - PROSJEKT: BØMLOPAKKEN, BØMLO

Tiltakshavar: Statens vegvesen

Føremål:


Gje betre framkomst og eit meir trafikksikkert vegnett i Bømlo.

Beskriving:

Bompengepakke med fleire finansieringskjelde.

Revisjon av Bømlopakken

Pakken er under revisjon og kommunen arbeider fram ein ny bompengesøknad for å realisere fleire prosjekt.



Nr	Prosjekt	Type tiltak	Status 2017
1	Fv. 541 Langevåg - Løvegapet	Vegutbetring og trafikksikring	Ferdig
2	Fv. 11 Langevåg - Eidesvik	Vegutbetring og trafikksikring	Ferdig
3	Fv. 542 Hollundskjosen - Hollundsdalen	Vegutbetring og GS-veg	Ferdig
4	Fv. 541 Rundkøyring Rubbestadneset	Vegutbetring og GS-veg	Ferdig
5	Fv. 541 Hollundsdalen - Stokkabekken	Vegutbetring og GS-veg	Ferdig
6	Fv. 541 Stokkabekken - Rubbestadneset	Ny veg, GS-veg, tunnel og bru	Ferdig
7	Fv. 542 Svortland - Økland	Vegutbetring, ny veg, GS-veg	Ferdig
8	Fv. 542 Stokkabekken - Siggjarvåg	Ny veg, toplanskryss	Ferdig
9	Fv. 542 Røyksund - Eikeland (sør)	Vegutbetring, GS-veg, bru	Under bygging
10	Fv. 542 Røyksund - Eikeland (nord)	Vegutbetring, GS-veg, bru	Under bygging
11	Fv. 18 Urangsvåg - Brandasund (Klubbo)	Vegutbetring, fortau	Ferdig
12	Fv. 18 Laukhammarkjosen - Urangsvåg	Vegutbetring, fortau	Ferdig
13	Fv. 541 Hestaneset - Tjong	Vegutbetring, ny veg, bru	Ferdig
14	Fv. 541 Tjong - Løvegapet	Vegutbetring, GS-veg	Ferdig
15	Fv. 19 Rubbestadneset - Rolfsnes	Breiddeutviding, møteplassar	Manglar finansiering
16	Fv. 541 Sakseid - Hestaneset	Vegutbetring, GS-veg, tunnel	Manglar finansiering
17	Fv. 541 Ekornsæter - Sakseid	Vegutbetring, GS-veg, tunnel	Manglar finansiering
18	Fv. 12 Sakseid - Grønnevik	Breiddeutviding, møteplassar	Manglar finansiering
19	Fv. 542 Notland - Mosterhamn	Vegutbetring, GS-veg	Manglar finansiering
20	Fv. 23 Tormodsæter - Gilje	Breiddeutviding, møteplassar	Manglar finansiering

Kostnad:

Samla kostnad er sett til 1003 mill. 2009-kr. Omfanget av utbygginga skal haldast innanfor den økonomiske råma som er sett. Vert nokon av prosjekta dyrare enn føreset, må ein redusera utbygginga.

Finansiering:

Prosjektet er finansiert av fylkeskommunen, bompengar og lokale og kommunale tilskot.

Det vart lagt fram ein St.prp.nr. 78 (2008-2009) 29.mai 2009 som skisserar opplegget for finansiering og styring av prosjekta i Bømlopakken. Bompengeneinnkrevjinga starta opp den 2. mai 2013. Bompengane vert krevd inn på bomstasjonen på Spissøy (fv 542) og på ferja Langevåg-Buavåg. Innkrevjingsperioden er 15 år.

Prosjektstatus / planlagt framdrift:

For dei prosjekta som skal starta opp først, låg det føre godkjende reguleringsplanar. Det forgår planlegging på nokre av dei siste prosjekta i pakken (Sjå planprogram). Elles omfattar Bømlopakken mange utbetringstiltak og mindre prosjekt.

4 - PROSJEKT: KVAMMAPAKKEN, KVAM

Tiltakshavar: Statens vegvesen

Føremål:


Gje betre framkomst, trafikksikkert og skredsikkert vegnett i Kvam

Beskriving:

Bompengepakke med bompengar og fylkeskommunale midlar.

Revisjon av Kvammapakken

Pakken må reviderast dersom alle prosjekta i pakken skal realiserast. Det er sett i gang kommunedelplan for å utbetre framkome, skredproblematikken og trafiktryggleik frå Norheimsund mot Bergen. Arbeid med ei revidering av pakken vil truleg kunne skje når tiltak er klart til å regulerast.



Nr	Prosjekt	Type tiltak	Status 2017
1	Fv. 7 Øystese - Nes, Børvenestunnelen	Tunnel, rundkøyring, ny veg	Ferdig
2	Fv. 49 Vikøy - Norheimsund	Utbetring av veg, gang- og sykkelveg	Ferdig
3	Fv. 7 Bosstippen	Utbetring av veg	Manglar finansiering
4	Fv. 7 Steinestøberget	Utbetring av veg	Manglar finansiering
5	Fv. 7 Øystese aust - Skarparvingen	Utbetring av veg, fortau, tunnel	Delvis utført
6	Fv. 7 Nes - Norheimsund	Utbetring av veg, fortau	Ferdig
7	Fv. 49 Lingaparsellen	Utbetring av veg, busslommer	Ferdig
8	Fv. 7 kryss Granvin	Kollektivtiltak, infoplass	Delvis utført
9	Fv. 7 Kvamskogen	Utbetring av veg, gang- og sykkelveg	Manglar finansiering

Kostnad:

Samla kostnad er sett til 423 mill. kr 2008-kr. Omfanget av utbygginga skal haldast innanfor den økonomiske råma som er sett. Vert nokon av prosjekta dyrare enn føreset, må ein redusera utbygginga.

Finansiering:

Prosjektet er finansiert av fylkeskommunen og bompengar.

Det vart lagt fram ein St.prp.nr. 77 (2008-2009) Om delvis bompengefinansiering av Kvammapakken i Hordaland. Denne skisserar opplegget for finansiering og styring av prosjekta i pakken. Bompengeoppdraget omfattar ein bomstasjon på fv. 7 øvst i Steinsdalen og ein bomstasjon på fv. 7 ved kommunegrensa mellom Granvin og Kvam.

Prosjektstatus / planlagt framdrift:

Det låg føre ein godkjend reguleringsplan ved oppstart av pakken (Fv. 7 Øystese-Nes, Børvenestunnelen). Det er no godkjende reguleringsplanar på alle prosjekta i pakken, men eit prosjekt lar seg ikkje realisere i tråd med reguleringsplan (Fv. 7 Steinestøberget).

Prosjektark - bompengepakkar

5 - PROSJEKT: NORDHORDLANDSPAKKEN, LINDÅS, MELAND, RADØY, FEDJE, AUSTRHEIM, MASFJORDEN OG MODALEN.


Tiltakshavar: Statens vegvesen

Føremål:

Gje betre framkomst og eit meir trafikksikkert vegnett i Nordhordland.

Beskriving:

Bompengepakke med bompengar, fylkeskommunale og statlege midlar.



Kostnad:

Samla kostnad er sett til 1 500 mill. kr (2017-kr). Porteføljen av prosjekt må tilpassast den økonomiske ramma.

Finansiering:

Prosjektet er finansiert av bompengar, fylkeskommunen og staten.

Prop. 164 S (2016-2017) Finansiering av Nordhordlandspakken i Hordaland er lagt fram for handsaming i Stortinget. Denne skisserar opplegget for finansiering og styring av prosjekta i pakken. Bompengepaketet omfattar fem bomstasjonar; (1) Hovudkryss Flatøy, ramper til/frå Meland, (2) E39 Flatøy, (3) E39 Mundalsberget, (4) Fv 565 Marås – Soltveit, på ny veg og (5) Fv 57 mellom Isdalstø og rundkøyring med avkøyrslar til fv 57 og fv 565.

Prosjektstatus / planlagt framdrift:

Det føreligg reguleringsplan for ni av prosjekta når proposisjonen er lagt fram for handsaming i Stortinget. Det fyrste prosjektet som kan lysast ut etter vedteken Stortingsproposisjon er Fv 565 Marås – Soltveit.

Nr	Prosjekt	Type tiltak	Status 2017
1	Fv 565 Marås-Soltveit	Ny veg	Byggeplan pågår
2	Fv 57 Knarvik - Isdalstø	Prosjektering og grunnerverv	Reguleringsplan føreligg
3	Fv 245 Fosse-Moldekleiv	Vegutbetring, gang- og sykkelveg	Reguleringsplan pågår
4A	Fv 564 Fløksand-Vikebø	Vegutbetring, gang- og sykkelveg	Reguleringsplan pågår
4B	Fv 564 Undergang Holme	Punktutbetring og trafikksikring	Reguleringsplan føreligg
5	Fv 564 Frekhaug-kryssset inkl. utbetring fv 244	Punktutbetring og trafikksikring	Reguleringsplan pågår
6	E39 Knarvik sentrum	Firefelts veg og ny rundkjøring, mv.	Byggeplan pågår
7	E39/fv 57 Kollektivtrafikk-tiltak og innfartsparkering	Park & Ride	Reguleringsplan pågår
8	Fv 565 (Austrheim)	Vegutbetring og trafikksikring	Reguleringsplan føreligg
9	Fv 570 (Masfjorden)	Vegutbetring og trafikksikring	Reguleringsplan føreligg
10	Fv 423 (Fedje)	Vegutbetring og trafikksikring	Under utgreiing
11	Fv 569 (Modalen)	Vegutbetring og trafikksikring	Under utgreiing
12	Fv 564 Fosse-kryssset	Trafikksikring	Reguleringsplan pågår
13	Fv 409 Manger sentrum	Kollektivtiltak og tettstadsutvikling	Reguleringsplan føreligg
14	Fv 57 Vatnekryssset	Trafikksikring	Reguleringsplan føreligg
15	E39 Molvik-kryssset	Trafikksikring	Reguleringsplan pågår
16	Fv 565 Lindås grense - Sæbø skule	Vegutbetring, gang- og sykkelveg	Reguleringsplan pågår
17	E39 Vikane - Eikangervågen	Vegutbetring, gang- og sykkelveg	Reguleringsplan føreligg
18	Fv 564 Sandskaret -Holme	Vegutbetring, gang- og sykkelveg	Ikkje starta
19	Fv 565 Hilland - Radøy grense	Vegutbetring, gang- og sykkelveg	Reguleringsplan føreligg
	Ramme til prosjekt og tiltak (Lindås og Meland)		Ikkje starta

6 - PROSJEKT: STORD VESTSIDE, STORD OG FITJAR


Tiltakshavar: Statens vegvesen

Føremål:

Gje betre framkomst og trafiksikkert vegnett på fv. 545 mellom Stord og Fitjar kommunar.

Beskriving:

Bompengepakke med bompengar og fylkeskommunale midlar.



Nr	Prosjekt	Type tiltak	Status 2017
1	Fv. 545 Fitjar - Rimbareid	Vegutbetring, gang- og sykkelveg	Ferdig
2	Fv. 545 Sagvåg bru	Ny bru	Ferdig
3	Fv. 545 Kommunegrensa	Vegutbetring	Reguleringsplan pågår
4	Fv. 545 Rimbareid - Vik	Vegutbetring, gang- og sykkelveg	Under bygging
5	Fv. 545 Restarbeid Fitjar sentrum	Vegutbetring	Reguleringsplan føreligg
6	Fv. 545 Sagvåg sentrum	Vegutbetring, fortau, rundkøyring	Under bygging

Kostnad:

Samla finansieringsplan var sett til 114,5 mill. kr (2013-kr). Vert nokon av prosjekta dyrare enn føreset, må ein redusera utbygginga.

Finansiering:

Prosjektet er finansiert av fylkeskommunen og bompengar.

Det vart lagt fram Prop. 149 S (2011-2012) Finansiering av fv 545 i Fitjar og Stord kommunar i Hordaland. Der vart det vedteke å krevje inn bompengar på ferja mellom Sandvikvåg og Halhjem i to år. I Prop. 32 S (2014-2015) Endringar i statsbudsjettet 2014 under Samferdselsdepartementet vart det vedteke å forlengje tida med ytterlegare to år.

Prosjektstatus / planlagt framdrift:

Det låg føre ein godkjent reguleringsplan då pakken starta opp. Dette var fv. 545 Fitjar-Rimbareid som vart forskottert.

7 - PROSJEKT: KOLLEKTIVTERMINAL VOSS

Tiltakshavar: ROM Eiendom AS og Statens vegvesen

Føremål:

Etablere nytt universelt uforma og trafikksikkert kollektivknutepunkt på Voss. Tiltaket vil og gi langt sikrere trafikkavvikling og betre framkomme.

Beskriving:

Det har vore ei planleggingsgruppe med Bane NOR, ROM Eigedom, Voss kommune, private og Statens vegvesen som har arbeidd fram planar for stasjonsområdet på Voss.

Kollektivknutepunktet består av to delprosjekt; Terminalbygg med venterom for jernbane og buss, og bussterminal med drosje- og sykkelparkering.

Illustrasjon:



Terminalbygg med venterom

Kostnad:

Terminalbygget er kostnadsrekna til 32 mill. kr.
Bussterminalen er kostnadsrekna til 43,5 mill. 2015- kr.

Finansiering:

For terminalbygget, har Hordaland fylkeskommune inngått avtale med byggherre ROM Eiendom AS om 50/50-deling av kostnadene for venterom knytt til jernbaneområdet. Fylkeskommunen yter dette som tilskot til ROM Eiendom AS.

For bussterminalen, vil kostnadane delast likt mellom staten ved Statens vegvesen og Hordaland fylkeskommune, då tiltaket ligg til riksveg.

Prosjektstatus / planlagt framdrift:

Terminalbygget vart ferdigstilt sommaren 2017. Bygging av bussterminalen vert lyst ut hausten 2017 planlagt med oppstart av sjølvve bygginga i byrjinga av 2018.

8 - PROSJEKT: FV. 218 HORSØYVEGEN, ASKØY

Tiltakshavar: Statens vegvesen

Føremål:

Gje betre framkomst til industriområdet på Horsøy.

Beskriving:

Vegutviding til to kørefelt med fortau på 2,5 m.

Prosjektet har ei lengde på ca 1200 m, frå krysset ved fylkesveg 562 og fram til avkjørsel Vestre Hjortefaret.



Kostnad:

Prosjektet har ei ramme på inntil 100 millionar kr inklusive meirverdiavgift.

Finansiering:

Hordaland fylkeskommune bidreg med eit tilskot avgrensa til 17 millionar kroner, samt meirverdiavgift berekna til 16 millionar kroner. Tilskotet vil bli omgjort til eit fylkeskommunalt bidrag i ein eventuell Askøypakke 2.

Schlumberger Norge AS bidreg med eit forskot på 50 millionar kroner, med refusjon frå ein eventuell framtidig Askøypakke 2.

Askøy kommune bidreg med eit forskot på 17 millionar kroner, med refusjon frå ein eventuell framtidig Askøypakke 2. Askøy kommune har risikoen dersom Askøypakke 2 ikkje skulle bli realisert, og må i det tilfellet fullfinansiera prosjektet ut over Hordaland fylkeskommune sitt tilskot.

Prosjektstatus / planlagt framdrift:


Det føreligg godkjent reguleringsplan for prosjektet. Prosjektering vart starta opp hausten 2017. Planlagt byggjstart i 2019, med byggjetid på om lag eit år.

9 - PROSJEKT: FV. 161 ÅSEN – HELLESKARET, OS Tiltakshavar: Statens vegvesen og Os kommune**Føremål:**

Vegen vil binde saman bustadområda ved Lysefjorden med industriområdet i Endelausmarka og den nye E39. Den nye vegen vil og bli meir trafikksikker med gang- og sykkelveg.

Beskriving:

Det skal byggast 1,3 km ny vegstrekning med to felt som vert tilkomstveg frå Søvika/Helleskaret til den nye E39. Planen inneheld separat gang- og sykkelveg, kryss og ny tilkomstveg med fortau til bustadområdet Hellebakkane. Vegen vil avlaste noverande Fv. 161 og 163. (jfr FT sak PS 60/2016)

**Kostnad:**

Prosjektkostnaden er stipulert til 61 mill. kr inklusive mva.

Finansiering:

Os kommune skal dekke 2/3 etter frådrag av mva. Resten skal dekkast av Hordaland fylkeskommune. Det blir inngått avtale med Os kommune om finansieringsplanen.

Prosjektstatus / planlagt framdrift:

Prosjektet var opphavleg ein opsjon i den pågåande kontrakten på bygging av E39 Svegatjørn–Rådal. Opsjonen vart ikkje nytta sidan det ikkje var tilstrekkelege budsjettmidlar til å realisera den.

Os kommune tek ansvaret for ei eventuell omregulering og omprosjektering av prosjektet. Dette arbeidet startar hausten 2017. Sidan opsjonen ikkje vart nytta, kan ikkje bygging starta før E39 er bygt i 2021.

10 - PROSJEKT: TILSKOT TIL KVINNHERAD, FV. 48 LUNDSSVINGANE OG ROSENDAL KAI/ KOLLEKTIVKNUTEPUNKT

Tiltakshavar: Kvinnherad kommune


Føremål:

Føremålet med tiltaket er ei omlegging og sikring av vegen gjennom Lundssvingane. Det vert samstundes bygd ny gang og sykkelveg. Knutepunktet for kollektivtrafikken vil og bli oppgradert i Rosendal.

Beskriving:

Prosjektet Fv. 48 Lundssvingane gjeld bygging av 700 m gang og sykkelveg og utbetring av veg på ei svært uoversiktleg og trafikkfarleg strekning i tettbygd område.

Rosendal kai/kollektivknutepunkt har også eit stort behov for oppgradering.



1. Fv. 48 Lundssvingane
2. Rosendal kai/kollektivknutepunkt

Kostnad:

Tiltaka er kostnadsrekna til 53 mill. kr eksklusive mva.

Finansiering:

Fylkestinget vedtok i mars 2017 at Kvinnherad kommune kan forskottere 10 mill. kr med refusjon i ein eventuell framtidig Kvinnheradpakke, og at fylkeskommune løyver eit tilskot på 10 mill. kr til Lundssvingane og Rosendal knutepunkt fordelt på 2017 og 2018. Tilskotet vil bli omgjort til fylkeskommunalt bidrag i ein eventuell framtidig Kvinnheradpakke. Anna finansiering til desse prosjekta er kompensasjonsmidlar på 13 mill. kr og kommunalt tilskot på 20 mill. kr. Kvinnherad kommune er byggherre, og dermed ansvarleg for eventuelle meirkostnader.

Prosjektstatus / planlagt framdrift:

Bygginga av fv. 48 Lundssvingane starta i april 2017 og arbeidet er forventa ferdig i mars 2018. Arbeidet med Rosendal knutepunkt er starta, og blir venteleg avslutta i 2018.

11 - RASSIKRING


Tiltakshavar: Statens vegvesen

Føremål:

Utbetere rasfarlege punkt på eksisterande fylkesvegnett.

Beskriving:

Det er i «Utkast til handlingsprogram 2018-2023 til Nasjonal transportplan» foreslått ei ramme på 838,4 mill. kr (knappt 140 mill. kr pr år.)



	Stad / Strekning	Kommune
1	Fv 551 Furebergfossen bru	Kvinherad
2	Fv 48 Mundheim	Kvam
3	Fv 7 Kattedalen – Veravikja aust	Granvin
4	Fv 7 Lindehåla	Granvin
5	Fv 550 Eitrheim v/ fjellhall og nordsida av Eitrheimstunnelen	Odda
6	Fv 49 Vangdalsberget	Kvam
7	Fv 103 Felevikja I-III	Eidfjord
8	Diverse uføresett / mindre tiltak	Alle

12 - TUNNELUTBETRING


Tiltakshavar: Statens vegvesen

Føremål:

Utbetre tunnelar på eksisterande fylkesvegnett etter forskrift om tunnelsikkerheit.

Beskriving:

Det vert løyva om lag 100 mill. kr årleg til utbetring av tunnelane på fylkesvegnettet i Hordaland. Tiltaka skal mellom anna gjere det mogeleg for alle som er involvert i tunnelulukker å berge seg sjølv, sette brukarane i stand til å handle så hurtig som mogeleg for å avgrense konsekvensane av alvorlege hendingar, og sikre at naudetatane kan handle så effektivt som mogeleg.



	Tunnel	Kommune
1.	Fv 7 Hagaås og Liaros	Samnanger
2.	Fv 207 Bjorøy	Fjell / Bergen
3.	Fv 57 Lyngfjell	Lindås

13 - BRUER OG KAIER


Tiltakshavar: Statens vegvesen

Føremål:

Opprusting av dei mest kritisk skadde bruene og kaiene på fylkesvegnettet i Hordaland.

Beskriving:

Det vert sett av 40 mill. kr i året til å ruste opp bruar og kaiar.



	Bru / kai	Kommune
1	Fv 382 Matredalen	Masfjorden
2	Fv 36 Litladalen bru	Etne
3	Fv 223 Herdlesundet	Askøy
4	Fv 550 Eitrheim nord (tunnelportal)	Odda
5	Fv 34 Tendal	Etne
6	Fv 555 Bjelkarøy ferjekai	Fjell
7	Fv 62 Fjelbergøy ferjekai	Kvinnherad

14 - FORSTERKNING


Tiltakshavar: Statens vegvesen

Føremål:

Ruste opp eksisterende vegnett som har forfalle over lengre tid, med sikte på å halde fylkesvegane opne for trafikk.

Beskriving:

Punktvisе utbetringar av til dømes drenering, stikkrenner, kummar, rekkverk, murar og auke av bereevna på svake parti.



	Stad / strekning / tiltak	Kommune
1	Fv 381 Stordalen – Fossesvingane	Masfjorden
2	Fv 245 Grasdal – Ådland	Meland
3	Fv 393 Eidsnes	Lindås
4	Fv 79 Uggdal – Onarheim	Tysnes
5	Fv 550 Aga – Kråkevik	Ullensvang
6	Fv 307 Palmafossen – Ørneberget – Rastalia	Voss
7	Fv 360 Osterøy, punktutbetringar	Osterøy
8	Fv 79 Onartun, sikring av mur	Tysnes
9	Masser frå Istadmyrane, Voss – forsterkning	Voss
10	Forkøyrsvegskilt	Diverse
11	Diverse akutte straktiltak + rekkverk	Diverse

15 - MINDRE UTBETRINGER (SPLEISELAG)


Tiltakshavar: Statens vegvesen

Føremål:

Denne potten er særskilt sett av til mindre samarbeidsprosjekt med kommunar.

Beskriving:

Det vert sett av 20 mill. kr i fylkeskommunale midlar til såkalla mindre utbetringar. Dette er hovudsakleg prosjekt der kommunane bidreg med delfinansiering. For nokre av fylkesvegtiltaka er kommunane byggherre. Mange av desse prosjekta vil ha positiv verknad for mål som er definert under andre programområde.



	Stad / strekning	Kommune
1	Fv 201 Eide – Spildepollen	Sund
2	Fv 48 Hellandskryssset	Kvinnherad
3	Fv 229 Skjold – Hellesøy	Øygarden
4	Fv 209 Foldnesvegen	Fjell
5	Fv 247 Holme – Tveit	Meland
6	Fv 393/395 Eidsnes – E39	Lindås
7	Fv 57 Furubergtunnelen, Hundvintunnelen og Lindåstunnelen	Lindås

16 - PROGRAMOMRÅDE: KOLLEKTIVTILTAK OG INNFARTSPARKERING


Tiltakshavar: Statens vegvesen

Føremål:

Betere kollektivtilbudet på eksisterende fylkesvegnett.

Beskriving:

Hordaland fylkeskommune sett av 20 mill. kr årleg til mindre kollektivtiltak og innfartsparkering på eksisterende fylkesvegnett. Det kan typisk vere prosjekt som gjev skuleborn og andre trygge venteforhold på haldeplassen, i tillegg til tiltak som gjev betre informasjon om rutetilbudet.



Stad/Strekning	Kommune	Type tiltak
1 Fv 404 Feste kai	Lindås	Snuplass for buss
2 Fv 550 Smelteverkstomta	Odda	Terminal (prosjektering)
3 Fv 43 Sunde	Kvinnherad	Terminal / innfartspark.
4 Husnes	Kvinnherad	Terminal (utgreiing)
5 Fv 153 Tarang aust	Austevoll	Haldeplass
6 Fv 565 Hilland-Remme	Lindås	Snusløyfe for buss
7 Fv 44 Husnes	Kvinnherad	Haldeplass
8 Fv 44 Slettestølsvegen	Kvinnherad	Haldeplass
9 Fv 7 Folkedal aust	Granvin	Haldeplass
10 Fv 163 Nord-/Sørstraumen	Os	Haldeplass
11 Fv 541 Rubbestadneset	Bømlo	Haldeplass
12 Fv 561 Solsvik	Fjell	Haldeplass
13 Fv 163 Salbuvik	Os	Haldeplass

Stad/Strekning	Kommune	Type tiltak
14 Fv 567 Valestrandsfossen	Osterøy	Haldeplass
15 Fv 567 Helldalstølen	Osterøy	Haldeplass
16 Fv 68 Leirvik nye kyrkjegard	Stord	Haldeplass
17 Fv 68 Stord sjukehus	Stord	Haldeplass
18 Fv 47 Søre Våge	Sveio	Haldeplass
19 Fv 312 Bulken skule	Voss	Haldeplass
20 Fv 151 Kalvatre	Austevoll	Haldeplass
21 Fv 57 Lauvås	Lindås	Haldeplass
22 Fv 250 Dale ungdomshus	Meland	Haldeplass
23 Fv 201 Glesnes	Sund	Haldeplass
24 Fv 551 Sundal	Kvinnherad	Haldeplass
25 Oppfølging av handlingsprogram	Bergensområdet	Innfartsparkering

17 - PROGRAMOMRÅDE TRAFIKKSIKRINGSTILTAK


Tiltakshavar: Statens vegvesen

Føremål:

Betre trafikksikringa på eksisterande fylkesvegnett.

Beskriving:

Hordaland fylkeskommune sett av 20 mill. kr årleg til mindre trafikksikringstiltak på eksisterande fylkesvegnett. Det kan vere relativt små tiltak som kan betre tilhøva på strekningar med høg frekvens for ulykker.



Stad/Strekning	Kommune	Type tiltak
1 Fv 207 Bjorøy	Fjell	Fortau
2 Fv 346 Mo skule	Modalen	Sikre ballplass
3 Fv 75 Øvrebygda	Fitjar	Siktutbetring
4 Fv 68 Tysevegen	Stord	Belysning
5 Fv 7 Steinstø	Kvam	Rekkverk
6 Fv 44 Kaldestad – Husnes	Kvinnherad	Gangfelt
7 Fv 244 Frekhaug – Sagstad	Meland	Belysning
8 Fv 555 Forland	Sund	Gangfelt, mv.
9 Fv 311 Gjernes	Voss	Fortau, mv.
10 Fv 6 Sveiogata	Sveio	GS-veg, gangfelt
11 Fv 544 Leirvik sentrum	Stord	Belysning
12 Fv 546 Birkelandskrysset	Austevoll	Kryssutbetring

Stad/Strekning	Kommune	Type tiltak
13 Fv 544 Sæbøvik	Kvinnherad	Kryssingspunkt
14 Fv 520 Saudafjelet	Odda	Rekkverk
15 Fv 49 Våge	Tysnes	Gangfelt, mv.
16 Fv 7 Hisdal – Trengereid	Samnanger	Rekkverk
17 Fv 121 Femanger	Fusa	Belysning
18 Fv 552 Hatvikvegen	Os	Gangfelt
19 Fv 561 Utvalde punkt	Øygarden	Rekkverk
20 Fv 108 Huse	Ullensvang	Belysning
21 Fv 49 Vikøy	Kvam	Kryssutbetring
22 Fv 565 Alversund-Lundsdaalen	Lindås/Radøy	Rekkverk
23 Fv 360, 365 og 567 Osterøy	Osterøy	Diverse

18 - PROGRAMOMRÅDE: GANG- OG SYKKELTILTAK


Tiltakshavar: Statens vegvesen

Føremål:

Betre tilbudet til gåande og syklande langs eksisterande fylkesvegnett.

Beskriving:

Det vert sett av 20 mill. kr årleg til gang- og sykkeltiltak på fylkesvegnettet i Hordaland. Tiltak som fremjar meir gange og sykling i regionsentra vert prioritert.



Stad/Strekning	Kommune	Type tiltak
1 Fv 61 Skrivarvegen, del 1	Stord	Fortau
2 Fv 61 Rommetveitvegen	Stord	Gang- og sykkelveg
3 Fv 49 Odland – Lidarende	Kvam	Gang- og sykkelveg
4 Fv 160 Ulvensletta	Os	Gang- og sykkelveg
5 Fv 7 Kvamskogen	Kvam	Enkel gang- og sykkelveg
6 Utbetring etter inspeksjonar	Alle	Diverse utbetringar

19 - PROGRAMOMRÅDE: MILJØ- OG SERVICETILTAK


Tiltakshavar: Statens vegvesen

Føremål:


Opprusting av dei mest kritisk skadde bruene og kaiene på fylkesvegnettet i Hordaland.

Beskriving:

Det vert sett av rundt 10 mill. kr årleg til miljø- og servicetiltak. Midlane må fyrst og fremst gå til dei lovpålagte oppgåvene innanfor støy og vassforvaltning. Av servicetiltak er det rasteplassar og toalett langs fylkesveger og særskilt trafikkerte vegar i turistsesongar som vert prioritert.



Stad/tiltak	Kommune
1 Oppfølging av vassforskrifta	Bergen
2 Fv 7 Rasteplass Ålvik	Kvam
3 Reiselivstiltak – rasteplassar og toalett	Diverse
4 Lovpålagte støytaktak	Diverse



**HORDALAND
FYLKESKOMMUNE**

Agnes Mowinckels gate 5
Postboks 7900
5020 Bergen
Telefon: 55 23 90 00
E-post: hfk@hfk.no
www.hordaland.no

Hordaland fylkeskommune har ansvar for å utvikle hordalandssamfunnet. Vi gir vidaregåande opplæring, tannhelsetenester og kollektivtransport til innbyggjarane i fylket. Vi har ansvar for vegsamband og legg til rette for verdiskaping, næringsutvikling, fritidsopplevingar og kultur. Som del av eit nasjonalt og globalt samfunn har vi ansvar for å ta vare på fortida, notida og framtida i Hordaland. Fylkestinget er øvste politiske organ i fylkeskommunen.

